

UTGREIING OM SARTOR & DRANGE AS SITT ARBEID MED OPENHEITSLOVA

1. OVERORDNA

Openheitslova skal fremja verksemders respekt for grunnleggjande menneskerettar og sømelege arbeidsforhold, samt sikra ålmentas tilgang på informasjon knytt til dette. Lova skal bidra til å redusera risikoen for at verksemda, underleverandørar eller forretningspartnarar er årsak til, eller medverkar til, brot på nemnde rettार. Forbrukartilsynet fører tilsyn med at føresegnene i lova vert etterlevd.

Sartor & Drange AS er å rekna som ei større verksemd, jf. lovas § 2, og er såleis underlagt lova.

For Sartor & Drange AS betyr dette at vi må vera opne om korleis verksemda vår påverkar verda rundt oss, og vi må gjera aktsemdsvurderingar for å redusera risikoen for negativ påverknad på menneske, samfunn og miljø. Dette gjeld både i eiga verksemd, men også for leverandørar og deira verdikjede.

Vi vil årleg publisera ei framstilling av våre aktsemdsvurderingar. Framstillinga vil innehalda eventuelle lovbrøt som er avdekt, samt tilfelle der risikoen for slike brot er høg, og kva som eventuelt er gjort av tiltak. Openheitslova stiller ikkje krav til at framstillinga identifiserer leverandørar med namn.

Sartor & Drange AS har ålmenn informasjonsplikt, og informasjon skal gis til den som etterspør denne.

2. AKTSEMDSVURDERINGAR

Sartor & Drange AS skal gjera regelmessige aktsemdsvurderingar i samsvar med OECDs retningslinjer. Dette inneber å:

- forankra ansvarlegheit i verksemdas retningslinjer,
- kartleggja og vurdera faktiske og potensielle negative konsekvensar
- iverksetje passande tiltak
- vurdera om eventuelle tiltak gir ynskt resultat
- kommunisere med aktuelle interessentar og rettshavarar om korleis negative konsekvensar er handtert
- sørgje for eller samarbeide om oppattretting og skadebot der dette er kravd.

Sartor & Drange AS skal offentleggjera utgreiinga i samsvar med lovas § 5.

- FORANKRING

Ei arbeidsgruppe i Sartor & Drange AS har arbeidd med å utarbeida rutinar, etiske retningslinjer og malar for å sikra at selskapet varetek omsynet til menneskerettar og sømelege arbeidsforhold i eigen verksemd, leverandørkjede og verksemdas forretningspartnarar. Denne forankringa er gjennomgått av styret i Sartor & Drange AS.

Varsling og klage kan gjerast pr. e-post til post@sartordrange.no. Varsling og klager kan koma frå kven som helst. Selskapet har p.t. ikkje motteke noko skriv med spørsmål knytt til handteringa av openheitslova.

- KARTLEGGJE MOGLEGE NEGATIVE KONSEKVENSA

Gjennomføring av aktsemdsvurderingar er eit sentral moment i openheitslova. Verksemda er pålagt eit ansvar for å gjera greie for eigne tilsette sine arbeidsforhold, samt hjå leverandørar og underentreprenørar.

Eigne tilsette har skriftlege arbeidsavtalar i samsvar med gjeldande reglar. Alle tilsette vert fylgt opp med omsyn til arbeidsbelastning, og vi sørgjer for at den tilsette har naudsynt kompetanse og utstyr til å utføra arbeida tilfredsstillande. Selskapet har verneombod, og vi har eigne reglar for varsling (også anonymt) av kritikkverdige forhold. Vi sørgjer for eit tett samarbeid med bedriftshelsetenesta. Det er ikkje avdekt faktiske negative konsekvensar, eller vesentleg risiko for dette, når det gjeld eigne tilsette.

Leverandørar og underentreprenørar skal stadfesta at dei respekterer grunnleggjande menneskerettar og at dei har sømelege arbeidsforhold. Ved mistanke om brot på regelverk kan vi føra tilsyn med aktuelle leverandørar eller underentreprenørar.

Sartor & Drange AS har vurdert risiko knytt til leverandørar og underentreprenørar, og har funne at risikoen er låg. Det er ikkje avdekt negative konsekvensar knytt til verksemda sine leverandørar eller underentreprenørar.

- TILTAK

Sartor & Drange AS har ei rekke rutinar for å førebyggja, stansa og avgrensa negative konsekvensar av selskapets verksemd. Vi vurderer leverandørane våre om lag kvart 3. år. Dersom leverandør eller underentreprenør ikkje stettar krava våre, skal det så vidt mogleg nyttast eit anna føretak. Om det ikkje er mogleg skal leverandør eller underentreprenør følgjast tett opp for å hindra negative konsekvensar. Leverandørar skal stadfesta at dei held seg til openheitslova og at dei pliktar å setja i verk tiltak m.m. ved skade. Status i Sartor & Drange AS sitt arbeid med openheitslova skal rapporterast årleg til styret. I tillegg skal det ved behov rapporterast i prosjektleiarmøter m.m.

Arbeidet for å sikra menneskerettar og sømelege arbeidsforhold er ein kontinuerleg prosess, og dette er noko som vil halda fram som ein integrert del av Sartor & Drange AS si verksemd.